



**STUDENT**

**PARLAMENTET**

VED HØGSKULEN I VOLDA

## Protokoll

# Studentparlamentsmøte 30.11.2022

**Tid** Onsdag 30.11.22 kl 16.00-20.00.  
**Stad** Konferanserommet, Rokken 2. etg.

**Til stades med stemmerett: 10**

**AHL** Sindre Rabben Tronstad  
Veronica Bjørdal Sæternes

**AKF** Nikolai Skaug Kolstad  
Preben Rosenvinge (V)

**AMF** Simen Toverud (V)

**ASH** Jenny Nystad  
Marte Lohne

**FRI** Simen Vederhus (AMF)  
Maher Othman (ASH)  
Joachim Selsbakk Hansen (AHL) (V)

**Meldt forfall:** Sissel Elin Ruset (AKF) , Truls Bjørnstad (AMF), Mohamed Abdukar (AMF), Rakin Absaar Arnob (AMF), Nina Skara Pettersen (AU)

**Til stades utan stemmerett**

**AU** Trond-Fredrik Hoddevik (leiar), Andrine Kompen (velferd), Severine Riise Eidem (info), Ammy Bolme (internasj.),

**Ordstyrar** Rikke Jenny Pettersen

**Organisasjonskonsulent** Marit Aklestad (referent)

**Andre møtande** Jan Henning Egset, adm.dir. SiVolda, sak 28/22-23

## Saksliste

Sak 24 – 22/23: Opprop og val av møteleiing .....	2
Sak 25 – 22/23: 15.1. Godkjenning av innkallinga.....	2
Sak 25 – 22/23: 25.2. Godkjenning av saksliste .....	3
Sak 25 – 22/23: 25.3. Godkjenning av referat frå møte 02.11.22 .....	3
Sak 26 – 22/23: Orienteringar .....	4
Sak 27 – 22/23: Revidering av forretningsorden.....	5
Sak 28 – 22/23: Info frå SiVolda om studenthyblar og Elvegata .....	6
Sak 29 – 22/23: Revidering, vedtekter Pris for internasjonalisering.....	7
Sak 30 – 22/23: NSO Velferdspolitisk og utdanningspolitisk plattform .....	7
Sak 31 – 22/23: Gåve på 100.000 kr frå Sparebanken Møre .....	8
Sak 32 – 22/23: Suppleringsval – ny informasjonsansvarleg .....	8
Sak 33 – 22/23: Suppleringsval – ny fagansvarleg .....	8
Sak 34 – 22/23: Suppleringsval – ny nestleiar .....	9
Sak 35 – 22/23: Supplering til Studentparlamentet.....	9

\* V = vedtakssaker, O = orienteringssaker, D = diskusjonssaker

## Sak 24 – 22/23: Opprop og val av møteleiing

---

**Namneoppop.** 10 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

### Val av møteleiing

#### Vedtak (samrøystes):

- Rikke Jenny Pettersen er dagens ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad er dagens referent
- Ammy Bolme og Andrine Kompen er dagens teljekorps

## Sak 25 – 22/23: 15.1. Godkjenning av innkallinga

---

#### Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

## Sak 25 – 22/23: 25.2. Godkjenning av sakliste

---

Parlamentet vedtok AU sitt forslag til vedtak. Ingen ekstrasaker.

### Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet vedtek saklista for møtet.

		<b>Dagsorden for studentparlamentsmøte 30.11.22</b>		Saksansvarleg
16.00	00	Felles middag		
16.30	24	Opprop og val av møteleiing	V	Ordstyrar
	25	Godkjenningar: Innkalling, sakliste og referat	V	Ordstyrar
16.40	26	Orienteringar	O	Leiar
16.50	27	Revidering av forretningsorden	V	Org.kons.
17.00	28	Info frå SiVolda om studenthyblar og Elvegata 22	D	Leiar
17.30		Pause		
17.45	29	Revidering av vedtekter, Pris for internasjonalisering	V	Internasjonalt
17.55	30	NSO Velferdspolitisk og utdanningspolitisk plattform	D/V	Leiar
18.25		Pause		
18.40	31	Gåve på 100.000 kr frå Sparebanken Møre	D	Velferd
19.10	32	Suppleringsval: ny informasjonsansvarleg i AU	V	Infoansvarleg
19.20	33	Suppleringsval: ny fagansvarleg i AU	V	Infoansvarleg
19.30	34	Suppleringsval: ny nestleiar i AU	V	Nestleiar
19.40	35	Suppleringsval til Studentparlamentet	V	Velferd
20.00		Møtekritikk, møteslutt		

## Sak 25 – 22/23: 25.3. Godkjenning av referat frå møte 02.11.22

---

### Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 02.11.22.

## Sak 26 – 22/23: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Saksframleggjar: Leiar

---

AU orienterte om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Buddyweek
- Fadderveka – rekruttering
- Julebord fredag 02.12. På Kaarstad 100 kl 18
- Oppsummering Kaarstad 100-feiringa. Leiar Trond-Fredrik var saman med leiinga ved HVO med på separat opplegg med forskings- og høgare utdanningsminister Ola Borten Moe. Velferds- og likestillingsansvarleg i AU i NSO, Maya-Kathrin Skjeldal, var også med på møtet. Fleire i parlamentet deltok på dei opne programbolane, middag og festkonsert. Tilbakemelding frå studentane at programmet skulle ha opna for fleire studentar, både som deltakarar og som del av programmet.
- Truls Bjørnstad og Rakin Absar Arnob går ut av Studentparlamentet. Nina Skara Pettersen vil også gå ut av Studentparlamentet når ho trekkjer seg frå AU frå 01.01.23.

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

- Severine orienterte frå valstyret om rektorvalet
  - o **Ope møte med spørsmålrunde til det innstilte rektoratet måndag 5. desember kl 14 på Store BK**
- Andrine orienterte frå LMU (læringsmiljøutvalet)
  - o studentombodet blir fast observatør på LMU-møta
  - o Handlingsplan for inkluderande læringsmiljø, les gjerne: <https://www.hivolda.no/sites/default/files/documents/vedteken-handlingsplan-inkluderande-laeringsmiljo-2022-2025.pdf>
  - o Oversikt, styringsdokument HVO: <https://www.hivolda.no/om/styringsdokument>

Info frå representantar i Studentparlamentet

- Sindre orienterte frå VSI – Volda studentidrettslag
  - o Krevjande økonomisk situasjon pga uheldige/mangelfulle avtalar med Family Sports Club og HVO etter at dei mista styrkerommet på IB i haust. Søkjer HVO og SiVolda om ekstra midlar for å dekkje ekstraavgifter på ca 100.000 kr.

## Sak 27 – 22/23: Revidering av forretningsorden

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggjar: Organisasjonskonsulent

---

Forretningsorden til Studentparlamentet har ikkje vore revidert sidan 2017, og mykje av det som står er utdatert. Organisasjonskonsulent Marit Aklestad presenterte saka, der AU har gått igjennom dokumentet og utarbeida ein revidert versjon.

**Debatten:** ingen nye innspel

**Votering:** samrøystes

### **Vedtak:**

Studentparlamentet godkjenner framlagt forslag til ny forretningsorden for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda.

## Sak 28 – 22/23: Info frå SiVolda om studenthyblar og Elvegata

Type sak: Diskusjonssak – endra til vedtakssak

Saksframleggjar: Leiar

---

Administrerende direktør i SiVolda, Jan Henning Egset, orienterte om SiVolda generelt og studentbustadar spesielt. Av 14 studentsamskipnader rundt om i landet, Volda blant dei minste.

Jan Henning orienterte også om prosess, innspel og planar vidare for byggjet som SiVolda nyleg har kjøpt i Elvegata 22.

### Debatten:

- Viktig med god info ut til studentar om kva tilbod som finst i SiVolda, og også meir konkret om t.d. kva beløp ein kan få refundert gjennom helsekasse/helserefusjon.
- Det har vore vanskar med å melde seg som frivilig på Rokken. Opplevde at skjemaet ikkje fungerte, fekk ikkje svar.
- Spanande tankar om mogleg treningsrom i Elvegata, men også ønskeleg med noko sosialt

Forslag frå Simen Vederhus om å gjere vedtak knytt til Elvegata 22.

**Votering om å gjere saka om til ei vedtakssak:** samrøystes vedtatt.

Pause 15 min. Det vart utarbeidd felles forslag til vedtak i pausen.

Felles forslag til vedtak vart presentert.

**Votering:** samrøystes vedtatt

### Vedtak

Studentparlamentet stiller seg positive til ideen som vart lansert på parlamentsmøtet 23.11.22. av SiVolda v/adm. dir. om å bruke Elvegata 22 til å utvide treningstilbodet til SiVolda. Det kan vere ein god måte å forbetre treningstilbodet til studentane etter at Volda Studentidrettslag (VSI) mista treningsrommet på Idrettsbygget. Studentparlamentet ser føre seg at ein kombinasjon av styrkerom, rom for yoga, og eit sosialt areal, kan vere ei god løysing. Det er viktig med ein tett dialog mellom SiVolda og VSI om dette skal realiserast.

Studentparlamentet vil be om at tidlegare innspel til bruk av Elvegata 22 om sosial møteplass, lågterskel aktivitetar som shuffleboard, biljard m.m. samtidig blir tatt med i ei vidareutvikling/oppgradering av Studenthuset Rokken.

## Sak 29 – 22/23: Revidering, vedtekter Pris for internasjonalisering

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggjar: Internasjonalt ansvarleg

---

Vedtektene for Pris for Internasjonalisering vart sist endra i mars 2018, og har hatt behov for revidering. Internasjonalt ansvarleg, Ammy Bolme, gjekk igjennom forslag til nye vedtekter, der den største endringar var å auke jurymedlemmane frå 4 til 5 og endre noko på samansetjinga.

**Debatten:** ingen nye innspel

**Votering:** samrøystes

### Vedtak:

Studentparlamentet vedtek framlagt forslag til reviderte vedtekter for Pris for internasjonalisering.

## Sak 30 – 22/23: NSO Velferdspolitisk og utdanningspolitisk plattform

Type sak: Diskusjons/vedtakssak  
Saksframleggjar: Leiar

---

Leiar la fram sak om velferdspolitisk og utdanningspolitisk plattform, som skal opp på landsmøtet til NSO til våren. Studentparlamentet jobba i grupper med innspel, avslutta med felles oppsummeringsrunde.

**Debatten:** innspel innhenta i Padlet.

**Votering:** samrøystes

### Vedtak:

AU får mynde til å utarbeide høyringssvar på bakgrunn av debatten og innkomne innspel.

Pause 10 min.

## Sak 31 – 22/23: Gåve på 100.000 kr frå Sparebanken Møre

Type sak: Diskusjonssak  
Saksframleggjar: Velferdsansvarleg

---

Velferdsansvarleg Andrine Kompen la fram saka der Studentparlamentet har fått 100 000 kr frå Sparebanken Møre i høve 100-årsfeiringa til Kaarstadbygget. Midlane skal gå til studentvelferd og/eller studentfrivilligheit.

**Debatten:** Studentparlamentet jobba i grupper og noterte idear i padlet.

AU tek med seg innspela i det vidare arbeidet. AU vil også be om innspel frå studentorganisasjonar og tillitvalde, samt studentar generelt, før ein går vidare i saka.

## Sak 32 – 22/23: Suppleringsval – ny informasjonsansvarleg

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggjar: Informasjonsansvarleg

---

Informasjonsansvarleg Severine Riise Eidem informerte om saka. Ho reiser på utveksling neste semester, noko som betyr at hennar verv i AU blir leding frå 01.01.23. Det vart opna for spørsmål.

**Ingen stilte til val.**

**Saka vart utsett til neste møte.**

## Sak 33 – 22/23: Suppleringsval – ny fagansvarleg

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggjar: Nestleiar

---

Nestleiar Severine Riise Eidem presenterte saka der fagansvarleg Nina Skara Pettersen har valt å trekkje seg frå 01.01.22. Studentparlamentet gjennomfører difor suppleringsval.

**Desse stilte til val:** Simen Toverud og Nikolai Skaug Kolstad.

Kandidatane presenterte seg og det vart opna for spørsmål.

**Val:** urneval

### **Vedtak:**

Nikolai Skaug Kolstad vart vald til fagansvarleg i Studentparlamentet for perioden 01.01.-30.04.23



## Sak 34 – 22/23: Suppleringsval – ny nestleiar

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggjar: Nestleiar

---

Nestleiar Severine Riise Eidem orienterte om saka. Severine skal på utveksling komande semester, og vi gjennomfører difor suppleringsval. Nestleiar blir vald mellom studentane i AU av Studentparlamentet.

**Desse stilte til val:** Ammy Bolme

**Val:** akklamasjon

### **Vedtak:**

Ammy Bolme er vald til nestleiar i Studentparlamentet for perioden 01.01.-30.04.23

## Sak 35 – 22/23: Supplering til Studentparlamentet

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggjar: Internasjonalt ansvarleg

---

**Saka vart utsett til neste møte.**

**Ingen eventuelsaker. Møteslutt 19.55.**

**Møtekritikk etter formell møteslutt.**